



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 33

(2003–2004)

---

Om Noregs deltaking i den 58. ordinære  
generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane  
(FN) og vidareførte sesjonar av  
FNs 57. generalforsamling



## Innhold

<b>1</b>	<b>Samandrag</b> .....	5			
1.1	Allment .....	5	5.6	Miljø og berekraftig utvikling .....	19
1.2	Generaldebatten .....	5	5.7	Sør-sør-samarbeid .....	19
1.3	Høgnivåmøte .....	6	5.8	Mikrokreditt .....	19
1.4	Arbeidet i komiteane .....	6	5.9	Migrasjon og utvikling .....	19
1.5	Nokre hovudsaker .....	6	<b>6</b>	<b>Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)</b> .....	20
1.6	Samarbeidet med andre land og grupper	9	6.1	Allmenne kommentarar .....	20
<b>2</b>	<b>Konstituering og val</b> .....	10	6.2	Menneskerettssituasjonen i enkeltland ..	21
2.1	Avslutning av den 57. generalforsamlinga .....	10	6.3	Kvinner .....	21
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 58. generalforsamlinga .....	10	6.4	Urfolksspørsmål .....	21
2.3	Organisering av den 58. generalforsamlinga .....	10	6.5	Born .....	22
2.4	Konstituering og val .....	10	6.6	UNHCR .....	22
<b>3</b>	<b>Saker som vart handsama i plenum</b> ..	11	<b>7</b>	<b>4. Komité</b> .....	23
3.1	Generaldebatten .....	11	7.1	Vest-Sahara .....	23
3.2	FN-reform .....	11	7.2	Midtausten .....	23
3.3	Humanitære spørsmål .....	12	7.3	Fredstryggjande operasjonar .....	23
3.4	Oppfølginga av Tusenårserklæringa .....	12	<b>8</b>	<b>Administrative og budsjettære spørsmål (5. komité)</b> .....	24
3.5	Oppfølging av spesialsesjonen om hiv/aids .....	13	8.1	Det regulære FN-budsjettet for 2004–2005 .....	24
3.6	Malaria .....	13	8.2	FNs finansielle situasjon .....	24
3.7	Minetiltak .....	13	8.3	Finansiering av FNs straffedomstolar ....	25
3.8	Afrika-spørsmål .....	13	8.4	Skalaen for utlikning av FNs utgifter ....	25
3.9	Regionale spørsmål .....	14	<b>9</b>	<b>Juridiske spørsmål (6. komité)</b> .....	26
3.10	Havretts- og fiskerispørsmål .....	14	9.1	Kloning .....	26
3.11	Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda .....	15	9.2	Internasjonal terrorisme .....	26
3.12	Andre saker .....	15	9.3	Den internasjonale straffedomstolen – ICC .....	27
<b>4</b>	<b>Nedrusting og tryggleik (1. komité)</b> ..	16	9.4	Bruksområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell .....	27
4.1	Allmenne spørsmål .....	16	9.5	Andre spørsmål .....	27
4.2	Reformspørsmålet .....	16	<b>Vedlegg</b>		
4.3	Kjernefysisk nedrusting .....	16	1	Utanriksminister Petersens innlegg i hovuddebatten .....	29
4.4	Andre spørsmål .....	16	2	FN sine medlemsland og bidragsskalaen .....	32
<b>5</b>	<b>Økonomi-, Miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)</b> .....	18	3	Programbudsjettet 2004–2005 .....	36
5.1	Allmenne spørsmål .....	18	4	Oversikt over Noregs innlegg på den 58. generalforsamlinga .....	37
5.2	Finansiering for utvikling .....	18	5	FN-systemet .....	40
5.3	Korrupsjon .....	18	6	Forkortningar .....	41
5.4	Gjeldshandtering .....	18			
5.5	Råvarer, handel og utvikling .....	19			





DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 33

(2003–2004)

---

## Om Noregs deltaking i den 58. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FNs 57. generalforsamling

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 23. april 2004,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Samandrag

#### 1.1 Allment

Den 58. ordinære generalforsamlinga til Dei sameinte nasjonane vart prega av å finne stad i kjølvatnet av det alvorlege åtaket på FN-hovudkvarteret i Bagdad 19. august 2003. Generalforsamlinga medverka til å setje fokus på FNs plass og rolle i møte med dei nye globale trygging utfordringane. Behovet for FN-reform vart dermed ytterlegare tydeleggjort og aktualisert.

Opninga av generaldebatten fann stad dagen etter gjennomføringa av Terrorismekonferansen, som vart leidd av statsminister Bondevik. På denne konferansen deltok ei rekkje stats- og regjerings sjefar. Konferansen la eit godt grunnlag for drøftingane om terrorisme på generalforsamlinga og for den vidare oppfølginga av dette temaet.

Viktige utviklingsspørsmål stod sentralt i generaldebatten. Oppfølginga av FN-konferansen om finansiering for utvikling i 2002 (Monterreykonferansen) vart vidareført gjennom ein høgnivådialog om finansiering for utvikling. For første gong heldt leiarane i Verdsbanken og Det internasjonale valutafondet (IMF) formelle innlegg i ple-

num på generalforsamlinga. Det understrekar behovet for nærare kontakt mellom FN-systemet og Bretton Woods-institusjonane. Noregs klare haldning til sentrale utviklingsspørsmål og viktige tilskot til freds- og forsoningsprosessar både i Midtausten, Sri Lanka og Sudan utgjør som tidlegare viktige og svært positive tilskot til den profilen Noreg har i verdsorganisasjonen.

#### 1.2 Generaldebatten

Generalforsamlinga har etter kvart kome noko i skuggen av Tryggingrådet og Generalsekretærens sjølvstendige politiske verksemd. Generalforsamlinga forsvargar likevel posisjonen sin som den sentrale møtestaden for verdsleiarane kvar haust.

Høgnivåsegmentet samlar ei stor gruppe politiske leiarar og er arena for ei rekkje politiske forhandlingar. Generalforsamlinga fyller ikkje minst eit behov som den einaste globale politiske plattform der alle statar kan presentere dei nasjonale prioriteringane sine i ein breiare internasjonal kontekst – eit forhold som alltid vil vere viktig.

FNs generalsekretær var i tala si til Generalforsamlinga oppteken av dei mange ulike trygging utfordringane verda står overfor. Han sa at summen av desse gjer at vi er ved eit vegskilje som kanskje er like avgjerande som ved grunnlegginga av FN i 1945, og at historia ikkje vil tilgje oss dersom vi ikkje klarer å møte desse utfordringane. Generalsekretæren annonserte at han ville opprette eit høgnivåpanel til å evaluere trugsmål mot internasjonal fred og tryggleik, rommet for kollektiv handling og eventuelle konsekvensar for FN-systemet.

Utanriksminister Petersen heldt det norske innlegget i generaldebatten. FNs sentrale plass i internasjonal politikk og mellomstatleg samarbeid var ein raud tråd i innlegget. Hovudtema elles var kampen mot terrorisme, Irak, Midtausten, Afghanistan og tusenårsmåla. Utanriksministeren la òg vekt på verdien av reform og helsa velkomen at Generalsekretæren ville opprette eit høgnivåpanel. Innlegget ligg ved meldinga.

### 1.3 Høgnivåmøte

Utanom generaldebattane har det vore ei utfordring å lyfte fram store og viktige politiske saker i dei ordinære generalforsamlingane. Dette er ein av grunnane til at ein det siste tiåret har hatt så mange spesialsesjonar, konferansar og toppmøte utanom sjølve generalforsamlingane. I det siste har ein freista å knytte slike arrangement tettare til sjølve generalforsamlinga.

For å følgje opp Monterreykonferansen om finansiering for utvikling, som fann stad i 2002 – og samtidig medverke til å vitalisere Generalforsamlinga – vart det i oktober arrangert ein såkalla høgnivådialog om finansiering for utvikling, med deltaking også frå privat sektor og det sivile samfunnet. Dei mange deltakarane på politisk nivå, deriblant utviklingsminister Frafjord Johnson, og toppleiarane frå Verdsbanken og Valutafondet, som begge møtte på generalforsamlinga for aller første gong, medverka til å gjere møtet til ein suksess.

På generalforsamlinga vart det halde eit ein-dags høgnivåmøte om hiv/aids for å diskutere Generalsekretærens framdriftsrapport om kampen mot epidemien. Dette var eit ledd i oppfølginga av FNs «Erklæring om plikter med omsyn til hiv/aids», som vart vedteken på Generalforsamlinga sin spesialsesjon om hiv/aids i 2001. Statsoverhovud og ministrar frå over 100 land deltok i debatten. Frå Noreg deltok utanriksminister Jan Petersen, som i innlegget sitt hevda at det i kampen mot epidemien krevst eit breitt samarbeid mellom poli-

tiske leiarar, internasjonale organisasjonar, nasjonale helsesystem, det sivile samfunnet og privat sektor.

Det er grunn til å tru at det vert fleire slike høgnivåsegment på generalforsamlingane i åra framover. Frå norsk side ønskjer vi dette velkome, då det mellom anna gjev høve for ikkje-statlege aktørar å delta i arbeidet i FN. Ein vil mellom anna arbeide for eit best mogleg opplegg for deltaking av frivillige organisasjonar.

### 1.4 Arbeidet i komiteane

Reformspørsmålet kom til å stå sentralt i 1. komité. Noreg presenterte eit framlegg til reform av arbeidsmåtene i komiteen som vart godt motteke, og den finske formannen medverka til ein fokusert debatt om desse spørsmåla. Framlegget tek sikte på å revitalisere debatten og redusere preget av vedtaking av relativt likelydande resolusjonar på kvar sesjon. I 2. komité er situasjonen prega av ein gammal dagsorden, som mange – mellom andre Noreg – meiner treng fornying for å verte meir relevant. Eit lyspunkt var det at eit norsk framlegg om oppretting av ei rådgjevande gruppe for gjeldshandtering vart vedteke. I 3. komité er arbeidet prega av at land med eit restriktivt syn på menneskerettar har vorte meir aktive dei seinare åra. 4. komité har ein variert dagsorden som strekkjer seg frå fredsbevaring til avkolonialisering. Det er først og fremst spørsmål knytta til Midtausten som skaper debatt i komiteen. 5. komité kom på overtid fram til eit kompromiss om budsjettspørsmål, som må karakteriserast som godt, og der fleire norske prioriteringar er tekne omsyn til. I 6. komité dominerte spørsmålet om forhandling av ein konvensjon om menneskeleg kloning. Saka vart til slutt utsett. Det er uklart kva som vil hende når saka kjem opp att på den 59. generalforsamlinga.

### 1.5 Nokre hovudsaker

#### *Tryggleik for FN-tilsette og humanitært hjelpepersonell*

Åtaket på FN-hovudkvarteret i Bagdad 19. august 2003 førte til ein gjennomgripande prosess i FN-systemet om tryggleiken for humanitært hjelpepersonell og FN-tilsette i felt. Generalsekretæren er i ferd med å utarbeide framlegg til konkrete tiltak som skal setjast i verk i 2004. At denne saka vart så sentral på generalforsamlinga, kom òg av at det vart klart med ein gong at utan naudsynt tryggleik ville FN ikkje kunne styrkje rolla si i Irak, noko

som vert sett på som avgjerande for å få til ei politisk stabilisering og nasjonalt sjølvstende i landet.

#### *Høgnivåpanelet for globale trygging utfordringar*

Generalforsamlinga vart prega av Generalsekretærens initiativ til å opprette eit høgnivåpanel for «trugsmål, utfordringar og endring». Høgnivåpanelet, som har mellom andre Gro Harlem Brundtland som medlem, vart annonsert i Generalsekretæren si tale til Generalforsamlinga 23. september 2003 og oppnemnt 4. november 2003. Panelet har som mandat å analysere det internasjonale trugselbiletet og kome med tilrådingar om korleis utfordringane kan møtast med effektiv kollektiv handling.

I opningstala si på den 58. generalforsamlinga la generalsekretær Annan vekt på at trugselbiletet i dag er prega av gamle trugsmål i nye og farlege koplingar, til dømes nye former for terrorisme og spreiding av masseødeleggingsvåpen. Samtidig trekte han fram såkalla «mjuke» trugsmål på det økonomiske og sosiale området, der desse påverkar fred og tryggleik. Hovudbodskapen frå Generalsekretæren var at FN ikkje kan velje mellom nye og gamle/mjuke og harde trugsmål mot tryggleiken, ettersom alt er samanvove i dagens globaliserte røyndom. FN kan møte utfordringane berre gjennom styrkt evne til kollektiv handling.

#### *FN-reform*

Ein oppnådde nokre viktige resultat i gjennomføringa av Generalsekretærens omfattande reformframlegg frå den 57. generalforsamlinga. Det er som ei prøveordning vedteke nye og forenkla planleggings- og budsjettprosedyrar. Generalsekretæren har med dette fått langt større fridom når det gjeld bemanningspolitikken og ressursbruken i FN-sekretariatet. Generalforsamlinga vedtok òg å opprette ei rekkje nye stillingar i sekretariatet, som Generalsekretæren har tilrådd som ein del av reformprogrammet sitt. Dette gjeld særleg stillingar for å styrkje FN's arbeid med utviklingsspørsmål og med menneskerettar. Også når det gjeld effektivisering og rasjonalisering av sekretariatets arbeid og arbeidsformer, er det gjort ein del framsteg. Ein kan såleis seie at Generalsekretærens reformprogram er kome godt i gang. Likevel er det framleis mange område i programmet som heng etter på grunn av at det enno er motstand. Dette gjeld først og fremst spørsmåla om sekretariatet si rolle som premissleverandør til Generalforsamlinga der sekretariatet utarbeider rapportar og står for anna

møteførebuing. Ei rekkje land er redd for at reformprogrammet vil rokke ved interessene og prioriteringane deira, særleg på det utviklingspolitiske området. Bakgrunnen for dette er at mange utviklingsland først og fremst assosierer reform med effektivisering og innskrenkingar i ressursallokering til dei forskjellige aktivitetane til FN. Generalsekretæren, og ei rekkje andre medlemsland, meiner tvert imot at reform vil frigjere ressursar slik at ein betre kan oppfylle FN's mandat, ikkje minst på det utviklingspolitiske området.

Når det gjeld reform av Tryggingrådet, gjorde ein heller ikkje i år framsteg i Generalforsamlinga si arbeidsgruppe for tryggingrådsreform. Arbeidsgruppa møttest i sitt tiande år, utan at det kan sporast noka form for semje, eller konturane av eit mogleg kompromiss, om utviding av Tryggingrådet.

Presidentane i Generalforsamlinga har på dei tre siste generalforsamlingane leidd uformelle arbeidsgrupper i plenum for ei revitalisering av Generalforsamlinga. Det vart gjort framlegg om ei rekkje tiltak på hovudsessjonen av den 58. generalforsamlinga. Det vart vedteke nokre administrative og tekniske forbetringar, og presidenten vil halde fram med samråda om ytterlegare reformer i 2004. Ingen av framlegga rører likevel ved det grunnleggjande spørsmålet når det gjeld revitalisering og å gjere Generalforsamlinga meir relevant i forhold til dei problema det internasjonale samfunnet i dag står overfor. Dette kan best oppnåast ved ei strammare organisering av dagsordenen for generalforsamlinga, betre organisering og gjennomføring av arbeidet i komiteane og ved at ein innfører prosedyrar for å fjerne mindre aktuelle dagsordenspunkt.

#### *Førebygging av væpna konflikt*

Ei av dei sentrale arbeidsoppgåvene FN har, er å førebyggje konflikt. Det har likevel vore svært vanskeleg å skape tilstrekkeleg semje om FN si rolle og oppgåver i ein slik samanheng. To gjennomgåande problem er at mange utviklingsland ser konfliktførebygging som innblanding i interne tilhøve, samtidig som dei fryktar at fokus på dette skal stele merksemd og finansar frå FN's utviklingsverksemd.

Generalsekretær Kofi Annan la i 2001 fram ein rapport med framlegg om styrking av FN's arbeid med konfliktførebygging. Store motsetningar gjorde at ein ikkje klarte å samle seg om nokon resolusjon på den 56. generalforsamlinga. Etter ein langvarig og vanskeleg prosess klarte ein å kome fram til semje, og ein konsensustekst vart vedteke 3. juli

2003. Det var naudsynt å inngå ei rekkje kompromiss for å få eit endeleg vedtak.

Sjølv om resolusjonen på mange område ikkje oppfyller dei ambisjonane som vart lagde til grunn då forhandlingane vart sette i gang, er han likevel ein milestein i FN's konfliktførebyggjande arbeid. Han gjev FN-sekretariatet fullmakt til å arbeide vidare på ei rekkje nemnde område, og spørsmålet har no kome inn på dagsordenen for generalforsamlinga slik at medlemslanda kan handsame tilrådingane som vert fremja i Generalsekretærens rapport.

Konfliktførebygging er eit område som krev tett samarbeid i heile FN-systemet for å lukkast. Noreg har difor sett fokus på betring av FN's evne og kapasitet innan konfliktførebygging som ein del av det større spørsmålet om FN-reform. FN's evne til å drive konfliktførebygging vil måtte byggje på klarare samordning av aktivitet og ressursbruk innanfor heile FN-systemet, med særskilt fokus på å dyrke fram formålstenleg samarbeid mellom FN's politiske og utviklingsretta verksemd og med regionale organisasjonar, ikkje-statlege organisasjonar og det sivile samfunnet.

#### *Menneskerettar og terrorisme*

Tilhøvet mellom menneskerettar og terrorisme har vorte eit viktig tema i Generalforsamlinga, og først og fremst i 3. komité. Noreg er ein av pådrivarane i dette arbeidet. Noreg tok opp spørsmålet i hovudinnlegget sitt i 3. komité og var òg medforslagsstillar til ein resolusjon om temaet. Noregs engasjement i Generalforsamlinga er mellom anna ei oppfølging av Terrorismekonferansen, som Noreg tok initiativ til og arrangerte i New York saman med Elie Wiesel 22. september 2003. I oppsummeringa si av Terrorismekonferansen peikte statsminister Bondevik på at det er viktig å ta i vare vernet av menneskerettar, behovet for utdanning og den interreligiøse dialogen.

#### *Korrupsjon*

Korrupsjon vert handsama i mange samanhengar i FN. Mest merksemd på den 58. generalforsamlinga vart det rundt Generalforsamlinga sitt formelle konsensusvedtak om ein ny FN-konvensjon om nedkjemping av korrupsjon. Konvensjonen er det første globale instrumentet i kampen mot korrupsjon og går på mange punkt vidare enn eksisterande instrument ved at han mellom anna regulerer tilbakeføring av verdiar som stammar frå korrupsjon. Konvensjonen vil, når tilstrekkeleg mange land har ratifisert han, verte eit viktig og nyttig

instrument i kampen mot korrupsjon. Noreg var ein pådrivar for ein vidtrekkande og effektiv konvensjon under tekstforhandlingane.

Konvensjonen vart vedteken av Generalforsamlinga 31. oktober 2003. Noreg underskreiv konvensjonen på ein underskrivingskonferanse i Mexico 9. desember 2003 og tek sikte på å ratifisere konvensjonen i siste halvdel av 2004. Ratifikasjon vil krevje nokre lovendringar. Noreg vil òg arbeide for at så mange land som mogleg ratifiserer konvensjonen snart, slik at ein sikrar rask ikrafttreding.

#### *Oppfølging av FN-konferansane*

Under dette dagsordenspunktet har det særleg vore førebuingane til eit høgnivåmøte i 2005, fem år etter Tusenårstoppmøtet, som har stått i fokus. Frå norsk side har vi hevda at utviklingsdimensjonen bør verte viktig i 2005-arrangementet. Det ligg an til konsensus om å følgje opp alle dei pliktene ein tok på seg i Tusenårserklæringa, men med særleg fokus på utviklingsmåla og det globale samarbeidet som krevst for å nå desse måla i 2015. På bakgrunn av freistnadene for å få ei samla og integrert oppfølging av dei seinaste store FN-konferansane ligg det an til eit vedtak om at høgnivåmøtet også vil tene som ei oppfølging av andre konferansar (Finansiering for utvikling, Verdstoppmøtet for berekraftig utvikling med fleire). Generalsekretæren vert beden om å utarbeide ein rapport som kan tene til å fokusere diskusjonen. Eit endeleg vedtak om modalitetane og formatet for høgnivåmøtet vil verte gjort på den 59. generalforsamlinga.

Ein annan resolusjon som vart vedteken under dette punktet, stadfestar at det på den 59. generalforsamlinga vil verte sett av ein dag til å markere 10-årsdagen for Den internasjonale konferansen om befolkning og utvikling, som fann stad i Kairo i 1994 (ICPD+10).

#### *Kloning*

Costa Rica og USA arbeidde hardt for å få tilslutning til eit resolusjonsutkast som ville ha gjeve mandat til å starte forhandlingar om ein konvensjon med totalforbod mot kloning av menneske. Utkastet samla mange medforslagsstillarar, mellom andre Noreg. Ei anna gruppe land, leidd av Belgia, hadde lagt fram eit konkurrerande resolusjonsframlegg, som opna for unntak for terapeutisk kloning. Gruppa av muslimske statar (Den islamske konferansen, OIC) presenterte eit framlegg om utsetjing av all vidare handsaming av spørsmålet i to år, og dette framlegget vart vedteke



med 80 mot 79 røyster i 6. komité. Vedtaket frå 6. komité vart teke opp i plenum, og det vart inngått eit kompromiss om eitt års utsetjing. Dei landa som ønskjer eit vidtrekkande forbod, har truleg mest å tape på usemje om og ytterlegare utsetjing av saka. Etter norsk syn må alle krefter setjast inn på at neste generalforsamling skal kunne gjere eit vedtak som gjev mandat til å starte forhandlingar om ein konvensjon om forbod mot kloning av menneske.

## **1.6 Samarbeidet med andre land og grupper**

---

Noreg legg stor vekt på eit breitt samarbeid med andre land og grupper i FN. Eit slikt samarbeid krevst for å få gjennomslag for norske prioriteringar.

Det nordiske samarbeidet i FN har vorte mindre omfattande dei siste åra på grunn av EU-samordninga. Frå norsk side samarbeider ein godt med EU, som er ein leiande aktør i generalforsamlinga, og sluttar seg relativt ofte til EU sine innlegg etter vurdering frå sak til sak. Noreg tek aktivt del i JUSCANZ (vestgruppa utanom EU) og legg òg stor vekt på samarbeidet med andre land, deriblant utviklingsland.

EU har klart å utvikle seg vidare som eit tyngdepunkt i generalforsamlinga, sjølv om ein ikkje alltid klarer å opptre samla. EU kontrollerer i realiteten ca. 40 – 50 røyster i generalforsamlinga når landa opptre samla, og har dermed sterk forhandlingstyngd i mange saker. Dette gjev land som Noreg nye utfordringar. Det er òg interessant å merke seg at dei komande nye EU-medlemmene alt tilpassar seg omsamde EU-standpunkt og gjev avkall på tidligare nasjonale særstandpunkt.

## 2 Konstituering og val

### 2.1 Avslutning av den 57. generalforsamlinga

---

Den 57. generalforsamlinga vart formelt avslutta 15. september 2003.

### 2.2 Oppnemning av delegasjon til den 58. generalforsamlinga

---

Til å representere Noreg på FNs 57. generalforsamling vart denne delegasjonen oppnemnd:

*Delegerte:*

Utanriksminister Jan Petersen, leiar  
Utviklingsminister Hilde F. Johnson, nestleiar  
Ambassadør Johan Løvald, nestleiar

*Stortingsrepresentantar:*

*1. del av sesjonen*

Berit Brørby  
John I. Alvheim  
Øystein Djupedal  
Reidar Sandal  
Ivar Østberg  
Heidi Larssen

*2. del av sesjonen*

Karita Bekkemellem Orheim  
Kjell Engebretsen  
Trine Skei Grande  
Hans Kristian Hogsnes  
Bjørn Jacobsen  
Dagrun Eriksen

*Observatørar:*

Landsorganisasjonen i Noreg, LO  
Næringslivets Hovudorganisasjon, NHO

FN-sambandet  
NGO-forum for menneskerettar  
Landsrådet for norske barne- og ungdomsorganisasjonar, LNU  
Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja  
Norsk kvinnesaksforening  
Noregs fredsråd

### 2.3 Organisering av den 58. generalforsamlinga

---

Den 58. generalforsamlinga vart opna 16. september 2003. Generaldebatten starta 23. september og vart avslutta 3. oktober.

### 2.4 Konstituering og val

---

Den 58. generalforsamlinga valde Julian Robert Hunte, utanriksminister i St. Lucia, til president.

Den 58. generalforsamlinga valde desse fem statane som nye, ikkje-faste medlemmer av Tryggingrådet for perioden 2004–2005: Algerie, Benin, Brasil, Filippinane, Romania.

Den 58. generalforsamlinga valde desse atten statane som nye medlemmer av ECOSOC for perioden 2004–2006: Armenia, Bangladesh, Belgia, Belize, Canada, Colombia, Dei sameinte arabiske emirata, Indonesia, Italia, Mauritius, Namibia, Nigeria, Panama, Polen, Sør-Korea, Tunisia, Tanzania, USA. I tillegg vart Tyrkia vald til å fylle plassen etter Portugal, som valde å trekkje seg før medlemsperioden var over.

Verdsturismeorganisasjonen (WTO) fekk status som særorganisasjon i FN.

Det var første gong sidan 1985 at familien av FN-særorganisasjonar vart utvida.

## 3 Saker som vart handsama i plenum

### 3.1 Generaldebatten

---

189 land heldt innlegg i generaldebatten på den 58. generalforsamlinga, og av desse var 50 representerte ved statsleiarar, 25 ved statsministrar, 12 ved vistestatsministrar og 81 ved utanriksministrar. At det er så mange høgtstående politikarar til stades under generaldebatten, gjer at opninga av generalforsamlinga også fungerer som ein viktig internasjonal politisk møteplass.

Fred og tryggleik samt tryggleik for FN-personell og humanitært personell dominerte generaldebatten. Særleg gjekk spørsmål knytta til Irak, terrorisme og FN-reform igjen. Sentrale utviklingsspørsmål som oppfølging av tusenårsmåla og status etter den internasjonale konferansen om finansiering for utvikling i Monterrey og WTO-møtet i Cancún prega òg debatten. Noreg vart trekt fram av somme land for innsatsen i fredsprosessane i Sri Lanka og Sudan, for initiativet til Terrorisme-konferansen og for å yte meir hjelp enn FN's mål på 0,7 prosent av BNI.

Generaldebatten vart sterkt prega av Irak-krigen, både haldningar til sjølve krigen og følgjene for FN's arbeid framover. Det var likevel klar vilje til å sjå framover snarare enn å sementere motsetningar.

FN's generalsekretær slo fast at medlemslanda, trass i brei støtte til prinsippet om at FN's tryggingråd bør utvidast, ikkje har lukkast å verte samde om ei løysing sjølv om saka har stått på dagsordenen i meir enn ti år. Generalsekretæren sa at det no hasta med å finne ei løysing dersom ein ønskte at Tryggingrådet vedtak skulle møtast med større respekt, ikkje minst i utviklingslanda.

Mange av innlegga, også det norske, tok opp dette temaet. Debatten viste enno ein gong at dei viktigaste aktørane her nøytraliserer kvarandre. Dei alliansefrie statane (NAM) ønskjer på den eine sida å utvide rådet og gjere noko med vetospørsmålet. På den andre sida er dei svært skeptiske til reformer som kan endre Tryggingrådet's ansvarsområde, særleg i høve til tema som humanitær intervensjon og tryggleiken til individet. Det vil verte vanskeleg å semjast om nye faste medlemmer.

Diskusjonen om terrorisme vart òg ein viktig diskusjon om menneskerettar. USA og fleire andre land argumenterte for aktiv nedkjemping og kontrolltiltak. Mange land understreka at ein òg må fokusere på grunnleggjande årsaker, og at nedkjempinga må gå føre seg innanfor ramma av menneskerettar og humanitær rett. Dei arabiske landa nytta høvet til å understreke at Palestina-konflikten gjev grobott for terrorisme. Det norske initiativet til ein høgnivåkonferanse om terrorisme dagen før generaldebatten gjorde sitt til å leggje eit grunnlag for terrorismedebatten som var breiare og meir nyansert enn det som elles ville ha vore tilfelle.

Tilvisingane til tusenårsmåla og Monterrey- og Johannesburg-møta om utviklingsfinansiering og berekraftig utvikling medverka til å fremje utviklingsspørsmåla i generaldebatten.

Vonbrotet over utfallet av WTO-møtet i Cancún var nærast unisont, men berre dei fattige bomullsproduserande landa med Mali i spissen konkretiserte problema.

Miljøspørsmål var påfallande lite framme i debatten. Dei små øystatane var likevel svært konsistente i fokuset sitt på miljøverntema som Kyoto-protokollen, forvaltning av fiskeriressursar og berekraftig utvikling.

Det norske innlegget ved utanriksminister Petersen la vekt på FN's sentrale plass i internasjonal politikk og mellomstatleg samarbeid. Hovudtema elles var kampen mot terrorisme, Irak, Midtausten, Afghanistan og tusenårsmåla. Utanriksministeren la òg vekt på verdien av reform og helsa velkomen at Generalsekretæren ville opprette eit høgnivåpanel.

### 3.2 FN-reform

---

Årets debatt om FN-reform omfatta tre hovudområde: 1) Generalsekretærens panel av framstående personar for å kome med framlegg til korleis FN best kan styrkjast for å møte dei nye globale tryggingutfordringane, 2) vidareføring av fjorårets reformpakke om sterkare fokusering på menneskerettar, samordning av hjelpeaktivitetane på landnivå og forenkling av FN's omstendelige budsjett-

prosess og 3) initiativet til presidenten i Generalforsamlinga for å revitalisere Generalforsamlinga. Presidenten lanserte ein tiltakspakke for å styrkje Generalforsamlinga si rolle og betre Generalforsamlinga sine arbeidsmetodar. Det lét seg ikkje gjere å verte samde om dei mest radikale framlegga, til dømes å spreie generalforsamlinga ut over heile året, særleg på grunn av motstand frå tonegeivande land som USA, Japan og Russland. Det vart likevel konsensus om å styrkje Generalkomiteens rolle som organisatorisk rådgjevar for Generalforsamlinga og om å styrkje sambanda med Tryggingrådet og ECOSOC. Presidenten i Generalforsamlinga vil før neste generaldebatt kome med framlegg om eit aktuelt emne som eit samlande tema. Vidare vert det bede om ein plan for å betre informasjonen om og kjennskapen til dei vedtaka som vert gjorde av Generalforsamlinga. Innan 1. april i år skal presidenten dessutan kome med framlegg til korleis arbeidsmåtane og arbeidsprogrammet for sesjonen kan rasjonaliserast ved mellom anna å slå saman dagsordenspunkt og ved å handsame nokre resolusjonar berre kvart andre eller kvart tredje år. Vedtak om rasjonalisering av arbeidsmetodane og dagsordenen skal etter planen gjerast innan 1. juli 2004.

Noreg medverka aktivt i reformdebatten med omsyn til revitalisering av Generalforsamlinga, mellom anna gjennom eit eige arbeidspapir for reform av 1. komité.

### 3.3 Humanitære spørsmål

Hovudtemaet i debatten, og i det norske innlegget, var behovet for å styrkje tryggleiken for FN-personell og humanitært personell og reversere den uheldige utviklinga på dette området. Fordømminga av åtakket på FN-hovudkvarteret i Bagdad 19. august 2003 var unison. I forhandlingane om resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og vern for FN-personell var det likevel ikkje mogleg å oppnå semje om omtale av enkelthendingar. Dessutan går somme land av suverenitetsomsyn mot omtale i resolusjonar av det store problemet som manglande tilgang for FN-utsende og humanitære hjelpearbeidarar til offera utgjer.

Eit anna gjennomgangstema i debatten var at dei utilstrekkelege ressursane til humanitære føremål ikkje vert godt nok fordelte etter behov, med «gløynde kriser» som resultat. Innsatsen for å få bukt med desse krisene må oppprioriterast. Som i tidlegare år er førebygging og demping av verkadane av naturkatastrofar eit tema som særleg opptek mange utviklingsland. Russland, Kviteruss-

land og Ukraina stod saman om å sikre at følgjene av Tsjernobylulukka framleis skal stå på den internasjonale dagsordenen.

Det lukkast å styrkje hovudresolusjonen om humanitær hjelp med vedkjenning av den aukande valden som humanitært personell er utsett for. Vidare vart det fokusert på tiltak mot seksuelle overgrep som flyktningar kan verte utsette for. Resolusjonen gjaldt òg finansieringa av OCHA, og det vart peikt på at meir bør dekkjast over det regulære FN-budsjettet.

I tidlegare år har alle dei generelle humanitære resolusjonane stort sett vorte vedtekne med konsensus. Ei handfull statar valde likevel i år å bryte konsensus om nokre resolusjonar. USA kravde votering på resolusjonen om tryggleik for humanitært personell og vern for FN-personell fordi Den internasjonale straffedomstolen (ICC) var nemnd. EU-resolusjonen om hjelp til det palestinske folket vart det òg votert over. Rwanda overraska med å be om votering på resolusjonen om humanitær hjelp til Den demokratiske republikken Kongo på grunn av omtale av utanlandske styrkar i DR Kongo. Dei andre landresolusjonane om humanitær hjelp vart vedtekne med konsensus: Somalia, Mellom-Amerika, Djibouti, Etiopia, Timor-Leste, Malawi og Komorane.

### 3.4 Oppfølginga av Tusenårserklæringa

Generalsekretæren legg kvart år fram ein rapport om status for oppfølginga av Tusenårserklæringa. Den første store gjennomgangen av status for oppfølginga av tusenårsmåla vil verte gjort på den 60. generalforsamlinga i 2005.

I debatten under den 58. generalforsamlinga var mellom anna fordømming av terrorisme eit gjennomgåande tema, og det vart særleg fokusert på behovet for å identifisere dei underliggjande årsakene. Frå norsk side valde vi, på same måte som mange G77-land og Sverige, å leggje vekt på behovet for å oppfylle også tusenårsmål 8 (om dei utvikla landa sine eigne plikter med omsyn til ODA, gjeldslette og handelshindringar). Det vart dessutan sendt ut ei fellesnordisk pressemelding om nordisk støtte til mål 8 på FN-dagen 24. oktober.

Kina nytta høvet til å fremje ein resolusjon på bakgrunn av erfaringane med SARS-epidemien. Kina fekk stor tilslutning til ein resolusjon om å styrkje kapasitetsbygging innan offentleg helse. Noreg var, saman med omlag 150 andre land, medforslagsstillar til resolusjonen.

Russland på si side fekk som i fjor tilslutning til

ein resolusjon som omhandlar trugsmål mot global tryggleik. I resolusjonen vert det understreka at FN må styrkje kompetansen og kapasiteten sin for å kunne vere verdsleiande når det gjeld å svare på slike utfordringar. Generalsekretæren si oppnemning av eit høgnivåpanel vart difor ønskt velkomen. Resolusjonen gav òg støtte til medlemslanda sitt styrkte samarbeid i kampen mot terrorisme.

### 3.5 Oppfølging av spesialsesjonen om hiv/aids

I juni 2001 vart det halde ein spesialsesjon i FN om hiv/aids. Det vart vedteke ei politisk erklæring der verdssamfunnet sette seg konkrete og tidfesta mål for kva som må gjerast på ei rekkje område for å nedkjempe epidemien. Før årets innleiande generaldebatt vart det arrangert eit høgnivåmøte om oppfølginga av spesialsesjonen. Om lag 15 stats- og regjeringssjefar og 80 ministrar, hovudsakleg utanriksministrar, mellom dei Jan Petersen, deltok og viste at dei fleste landa erkjenner at aids-krisa er noko anna enn berre ei helsesak. Generalsekretæren peikte i innleiinga si på at ein ligg etter det skjemaet som medlemslanda har vorte samde om når det gjeld å nedkjempe epidemien, trass i påviselege framsteg når det gjeld større ressursar og lågare medisinsprisar. Likevel var det få land, med unntak av Frankrike og Noreg, som signaliserte større tilskot, sjølv om det krevst ein mykje større internasjonal innsats dersom ein skal kunne klare å stoppe og reversere epidemien. Utanriksminister Powell omtala elles aids som eit større trugsmål enn terrorisme.

I dei følgjande resolusjonsforhandlingane var hovudproblemet vektlegginga av på den eine sida førebyggjande tiltak, som EU og USA fokuserte på, og handsaming og billigare medisinar, som utviklingslanda med India og Brasil i spissen la mest vekt på. I resolusjonen vert dei smitta sine menneskerettar framheva, mellom anna ikkje-diskriminering og likestillingsaspekt. Det vart òg slege fast at det i 2005 skal arrangerast eit nytt høgnivåmøte for oppfølging av erklæringa frå spesialsesjonen. Modalitetane og formatet for møtet vil det verte gjort vedtak om på den 59. generalforsamlinga.

### 3.6 Malaria

Debatten om tiåret for nedkjemping av malaria (2001–2010) likna mykje på debatten om nedkjemping av hiv/aids. Noreg stod tilslutta EUs innlegg, som var det einaste innlegget som vart framført av

vestlege land. I innlegget vart det lagt vekt på at arbeidet med å nedkjempe sjukdomen må ha ein klar fattigdomsprofil. Faren for spreiding er aller størst i dei minst utvikla landa. Vidare vart det understreka at ein må søkje å utvikle nye og billigare medisinar og auke produksjonen av og tilgangen på billige myggnett i Afrika. I resolusjonen, som vart vedteken ved konsensus, vert det slege fast at det krevst meir internasjonalt samarbeid og meir midlar både nasjonalt og internasjonalt via Det globale fondet mot aids, tuberkulose og malaria (GFATM) for å nedkjempe sjukdomen effektivt. FN og WHO vert oppmoda til, i samarbeid med utviklingslanda og regionale organisasjonar, mellom andre Den afrikanske union, å gjennomgå og evaluere gjennomførte tiltak i 2005, ettersom ein då er kome midtvegs i FN-tiåret for nedkjemping av malaria.

### 3.7 Minetiltak

Årets debatt stadfesta nok ein gong Minekonvensjonen som den sentrale ramma for minetiltak. Mange land understreka at minetiltak i større grad må integrerast i det langsiktige utviklingssamarbeidet, og fleire nemnde omfanget av problema på grunn av miner særleg i Afrika.

Frå norsk side har det vore lagt vekt på lokalt og nasjonalt eigarskap til minetiltak. FN-systemet er som Den internasjonale raudekrossen og andre frivillige organisasjonar viktige aktørar når det gjeld minetiltak. Samordning må likevel først og fremst gå føre seg på lokalt og nasjonalt plan.

### 3.8 Afrika-spørsmål

Debatten om Afrika-spørsmål var prega av god oppslutning på høgt nivå. Etter fjorårets forsiktige optimisme til NEPAD som Afrikas nye utviklingsplan gav ein i år uttrykk for at særleg institusjonsbygginga for gjennomføringa av NEPAD var eit svært positivt signal om ein ny giv i Afrikas vilje og evne til å handtere egne utfordringar. Frå norsk side fekk vi tilslutning til verdien av det sivile samfunnet, og særleg kvinnene, si deltaking, til styrkt samordning mellom FN-organisasjonane og til understreking av dei nasjonale kontaktorgana si rolle i oppfølginga av NEPAD. Det vart òg vedteke ein resolusjon om oppfølging av Generalsekretærens tilrådingar i rapporten om «Årsaker til konflikt og fremjing av fred og berekraftig utvikling i Afrika» med vekt på forsterka internasjonal innsats for fattigdomsnedkjemping, fremjing av menneskeret-

tar, utvikling av demokratiske institusjonar og fredsbygging på det afrikanske kontinentet.

Mosambik introduserte elles ein resolusjon om ein internasjonal dag 7. april 2004 til minne om offera for folkemordet i Rwanda. Canada prøvde å få med ei tilvising til behovet for humanitær intervensjon i slike samanhengar, men fekk ikkje gjennomslag for at dette svært omstridde omgrepet skulle nemnast i denne teksten. Også EUs ønske om å vise til den internasjonale straffedomstolen (ICC) måtte fråfallast. Noreg stod som medforlagsstillar til resolusjonen.

### 3.9 Regionale spørsmål

Generalforsamlinga vedtok resolusjonar om Midtausten, Mellom-Amerika, Cuba og Afghanistan. Debatten om Midtausten var eit døme på saker som ein ikkje klarer å bringe framover i FN på grunn av ein fastlåst politisk situasjon.

#### *Midtausten*

Handsaminga av Midtausten-spørsmålet på den 58. generalforsamlinga må sjåast i samanheng med dei to ekstraordinære sesjonane som vart arrangerte parallelt med generalforsamlinga. Etter amerikansk veto i Tryggingrådet 14. oktober 2003 mot ein resolusjon om den israelske separasjonsmuren som vert bygd på okkuperte område, kom spørsmålet opp i ein ekstraordinær sesjon 21. oktober. Palestinarane greidde då å få EU med på ein felles posisjon som slo fast at bygginga på okkupert område er i strid med folkeretten, og Israel vart pålagt å stoppe bygginga. Då saka kom opp på nytt 8. desember, avstod eit samla EU, og Noreg, under røystinga om ei rådgevinge fråsegn frå Den internasjonale domstolen i Haag. Resolusjonen vart likevel vedteken med eit svært snau fleirtal, og mindre enn halvparten av medlemslanda i FN røysta for han. Palestinarane prøvde deretter å få underkjent Israels fullmakter for dei okkuperte områda og gje observatørdelegasjonen ein slags representantstatus for desse. Dette lukkast dei ikkje med, og saka vart utsett.

Den palestinske observatørdelegasjonen fører ein markeringspolitikk i FN gjennom å fremje mange Midtausten-resolusjonar og ved å arbeide for stadig vidareførte spesialsesjonar i Tryggingrådet og i Generalforsamlinga. Det er delte meiningar om denne politikken medverkar konstruktivt til å setje Midtausten-konflikten på den politiske dagsordenen, eller om han skaper politisk slitasje i forholdet til elles sympatisk innstilte

medlemsland. Til dømes fremja Nederland eit konkret framlegg i generaldebatten om å kutte ned på talet på Midtausten-resolusjonar. Forholdet mellom palestinarane og Israel vert dessutan meir tilspissa ved at Israel går svært hardt ut mot alle palestinske utspel, noko som gjer at partane vert meir uforsonlege.

#### *Mellom-Amerika*

Resolusjonen om Mellom-Amerika har etter kvart fått eit særst rituelt preg. Konfliktane som var bakgrunnen for resolusjonen, er løyste for lenge sidan. Situasjonen i dag rettferdiggjer ikkje eit eige dagsordenspunkt om Mellom-Amerika.

#### *Cuba*

Under handsaminga av resolusjonsforslaget om blokaden av Cuba gjorde vi det i eit eige innlegg klart at ein er prinsipielt imot denne typen einsidige tiltak. Ein påtala òg den aktuelle menneskerettssituasjonen på Cuba. Resolusjonen vart vedteken nær samrøystes.

#### *Afghanistan*

Afghanistan-resolusjonen vart vedteke med konsensus i år òg. Noreg var medforlagsstillar. I forhandlingane om resolusjonane vart likevel debatten om menneskerettar, humanitær rett og kvinnene sine rettar meir tilspissa enn ein kunne vente. Det vart gjort fleire freistnader på å vatne ut tekstane på desse tre områda. Ein kan vente seg nye diskusjonar om desse emna i tida framover.

### 3.10 Havretts- og fiskerispørsmål

Noreg medverka under forhandlingane om dei to resolusjonane om havrett og fiskerispørsmål til å få spegla behovet for ei balansert tilnærming som inneber innsats mot negative faktorar som ureining og rovdrift saman med vidareutvikling av berekraftig og økosystembasert forvaltning av marine ressursar.

I vidareføringa av det langvarige engasjementet for å leggje til rette for at utviklingsland i større grad skal kunne etterleve FNs havrettstraktat frå 1982 og gjere bruk av den handlefridomen som instrumentet opnar for, lukkast det for Noreg og USA som hovudpådrivarar å få vedteke at det skal opprettast eit fond for å hjelpe utviklingsland med å gjennomføre FN-avtala om fiske på ope hav, som tredde i kraft i desember 2001.

Noreg støtta Island i landet sitt arbeid for å få vedteke ein bindande plan for å opprette ein permanent prosess for å evaluere det globale marine miljøet. Eit framlegg til ein slik mekanisme skal vurderast i samband med 2004-møtet i den rådgjevande prosessen som er oppretta for uformell diskusjon i FN av havrettsspørsmål. Evalueringsprosessen er tenkt endeleg oppretta på eit internasjonalt møte i Reykjavik hausten 2004.

På bakgrunn av norsk engasjement for vern av kaldvasskorallar i det nordaustlege Atlanterhavet har Noreg også internasjonalt teke eit særleg ansvar for denne problematikken. Gjennom framlegg i ulike forum og framlegg til paragrafar i relevante resolusjonar har Noreg medverka til å styrkje medvitet om behovet for vern av slike korallar.

### **3.11 Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda**

Det vart på denne generalforsamlinga halde ein felles debatt om domstolane sitt arbeid. Først presenterte dei to presidentane årsrapportane sine. Presidenten for Jugoslaviadomstolen meinte at domstolen ville kunne fullføre rettssakene for alle personar i domstolens varetakt på det noverande tidspunkt innan fristen som er sett til 2008. Likevel ville det ikkje vere mogleg å fullføre rettssakene for eventuelt nye tiltalte innan denne fristen.

Presidenten i Rwandadomstolen, nordmannen Erik Møse, understreka særleg at det trongst å auke talet på saksopnemnde dommarar frå fire til ni og utvide kompetansen til desse dommarane dersom domstolen skulle halde tidsfristane. Han opplyste at han hadde oppmoda Tryggingrådet om den naudsynte endringa i vedtektene. Tryggingrådet vedtok 27. oktober 2003 resolusjon

1512 (2003) som endrar vedtektene i samsvar med oppmodinga frå Presidenten.

Det var også denne gongen lita interesse for den følgjande debatten, og berre Noreg, EU, Malaysia, Nigeria og Serbia-Montenegro deltok. Det var likevel ein litt meir positiv tone i innlegga enn tidlegare. Noreg roste domstolane for tiltak som var sette i verk i den aktuelle perioden for å betre arbeidsmetodane og effektiviteten til domstolane.

Noreg heldt eit felles innlegg om begge domstolane. At domstolane framleis møter problem i samarbeidet med fleire statar i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda når det gjeld utlevering av tiltalte, vart nemnt i rapportane til begge presidentane. Samtidig vart det understreka at domstolane aldri har arbeidd så effektivt som no. Noreg uttrykte glede over betringa av rettshjelpssystemet og effektiviteten ved domstolane, til dømes tilførselen av tilleggsdommarar, som vert tilkalla når det trengst. Noreg la vidare vekt på at alle statar må oppfylle plikta til å samarbeide med domstolane. Frå norsk side vil ein framleis arbeide aktivt for at domstolane vert sikra tilstrekkelege ressursar og gode arbeidsforhold, slik at dei kan få fullført mandata sine innan rimeleg tid.

### **3.12 Andre saker**

Under handsaminga av resolusjonen om Det internasjonale atomenergibyrådet (IAEA) unngjekk ein på grunn av den nye situasjonen i Irak at det oppstod usemje om landet sitt samarbeid med organisasjonen slik ein har sett i føregåande år. I forhold til tidlegare år var resolusjonsteksten kortare og fokuserte meir på prosedyre enn på substans. Nord-Korea var det einaste landet som røyta imot resolusjonen.

## 4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

### 4.1 Allmenne spørsmål

---

Arbeidet i 1. komité vart i år i stor grad prega av spørsmålet om reform etter at det har vore ein aukande frustrasjon over arbeidsmetodane i komiteen dei seinare åra. Mange frykta at årets sesjon som tidlegare ville verte prega av lite effektiv tidsutnytting, lang og uinteressant generaldebatt, og at mykje tid ville verte brukt på ei repetitiv handsaming av meir enn 50 resolusjonar og vedtak.

Trass i ei forsiktig haldning hjå mange medlemsland kunne ein alt på denne generalforsamlinga spore ein del betringar i komiteen. Land som i utgangspunktet var skeptiske, viste ein aukande vilje til å diskutere reformer. Somme land trekte resolusjonane sine, og dei tematiske debattane vart òg betre enn tidlegare. Mellom anna var det ei god meiningsbryting om verifikasjon av nedrustings- og ikkjepreingsavtaler. Resolusjonane og røystemønsteret var likevel elles stort sett samfallande med tidlegare år.

### 4.2 Reformspørsmålet

---

USA tok opp behovet for reform av FN før generalforsamlinga, og Noreg følgde opp denne utfordringa ved å kome med eit framlegg til uformelle diskusjonar. Det vart teke til orde for ei stramlineforming av komiteen med ein meir fokusert og kortare generaldebatt, handsaming av færre resolusjonar og ei betre tematisk organisering av arbeidet. Mellom anna på grunnlag av det norske papiertok leiaren for komiteen initiativet til uformelle reformsamråd. I samband med desse samråda presenterte EU eit arbeidspapir som i det store og heile følgde opp dei norske tankane. USA presenterte òg ein revidert versjon av synspunkta sine.

Dei uformelle samråda viste likevel at mange land i Den alliansefri rørsle (NAM) var lite opplødde for reformframstøyten. Desse ønskte snarare å drøfte reform som ein del av den breiare debatten om revitalisering av Generalforsamlinga. NAM-landa aksepterte likevel etter kvart at reformspørsmålet var kome for å verte. Eit amerikansk resolusjonsframlegg om reform vart ved-

teke utan votering etter at NAM-landa hadde fått gjennom mange endringsframlegg. Hovudbodskapen i resolusjonen er at Generalsekretæren skal rapportere om reformspørsmålet til neste generalforsamling på grunnlag av vidare samråd med medlemslanda.

Noreg følgde opp reformdiskusjonane ved å arrangere eit møte i Noreg i byrjinga av desember 2003 med deltaking av formannen for komiteen og representantar frå 19 land. Føremålet med møtet var å halde oppe momentumet og den politiske interessa frå debatten i New York, å arbeide for størst mogleg semje på tvers av regionane og å synleggjere Noregs engasjement. Møtet innfridde langt på veg desse målsetjingane. Den noverande formannen for komiteen planlegg å kalle inn til ytterlegare samråd før neste generalforsamling.

### 4.3 Kjernefysisk nedrusting

---

Dei to kjernevåpenresolusjonane frå Ny agenda-kolisjonen (Brasil, Egypt, Irland, Mexico, New Zealand, Sverige og Sør-Afrika) fekk også på denne generalforsamlinga mykje merksemd. Ordlyden i resolusjonane var svært lik ordlyden i resolusjonane frå i fjor, og Noreg avstod difor på begge i år òg, til liks med dei fleste NATO-landa. Noreg røysta som i tidlegare år for den japansk-australske resolusjonen om kjernevåpen, som understrekar verdien av Ikkjespreingsavtala og gjennomføringa av nedrustingspliktene i avtala. USA røysta mot på grunn av den klare støtta til Prøvestansavtala.

### 4.4 Andre spørsmål

---

Pakistan stod bak ein ny resolusjon om regionale tillitsskapande tiltak som i hovudsak syntest å vere motivert ut frå Kashmir-konflikten. I tillegg til at teksten var problematisk, spela òg Pakistans manglande tilslutning til viktige avtaler som Ikkjespreingsavtala inn i vurderinga av resolusjonen. Sjølv om Pakistan gjorde endringar i teksten, valde Noreg og dei fleste andre vestlege land å røyste mot resolusjonen.



Oppfølginga av FN's handlingsprogram for nedkjemping av ulovlege handvåpen står høgt på den internasjonale dagsordenen, noko som òg kom til uttrykk i 1. komité. Frankrike la fram eit nytt resolusjonsutkast som legg vekt på verdien av OSSE's regionale tilskot til gjennomføringa av FN's handlingsprogram. Noreg var medforslagsstillar til denne resolusjonen, som vart vedteken med konsensus. Den allmenne handvåpenresolusjonen, som fokuserer på gjennomføringa av handlingsprogrammet, vart òg vedteken med konsensus. Denne resolusjonen inneber mellom anna at det skal opprettast ei arbeidsgruppe som skal forhandle fram eit internasjonalt instrument for merking og sporing av handvåpen. Arbeidsgruppa hadde un-

der sveitsisk leiing sitt første møte i februar i år og skal møtast att i juni. Frå norsk side tek ein sikte på å vere aktivt med i dette arbeidet.

Også i år såg ein ei polarisering mellom vestlege land og landa i Den alliansefrie rørsle. Dette gjaldt resolusjonen om multilateralisme, som på nytt understreka at multilateralisme er sjølve kjerneprinsippet innan nedrusting og ikkje-spreiing. Vestlege land aksepterte ikkje denne formuleringa og valde å avstå eller røyste mot resolusjonen. Noreg avstod. Dei to Midtausten-resolusjonane vart vedtekne utan endringar i røystemønsteret frå tidlegare år. India fekk også i år vedteke resolusjonen sin om terrorisme og masseøydeleggingsvåpen utan røysting.

## 5 Økonomi-, Miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

### 5.1 Allmenne spørsmål

---

Medan dei fleste økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmåla vert detaljhandsama i andre fora, representerer Generalforsamlinga det viktigaste forumet for å sjå desse problemstillingane i eit overordna perspektiv. Føremålet er mellom anna å kunne signalisere behov for retningsendringar. Dette fører dermed også til at arbeidet i 2. komité vert prega av freistnader på å påverke premissane for det som går føre seg i andre multilaterale organisasjonar, til dømes forhandlingane i Verds handelsorganisasjonen (WTO). Arbeidet i komiteen lid under manglande vilje til reell diskusjon og usemje om både diagnose og moglege løysingar.

Dei fleste vestlege land, leidde av EU og USA, har lenge prøvd å omstrukturere dagsordenen i 2. komité slik at særleg dei makroøkonomiske spørsmåla skal kunne handterast under eitt, til dømes innanfor ramma av oppfølginga etter Monterreykonferansen om finansiering for utvikling. Desse initiativa lukkast ein heller ikkje med på den 58. generalforsamlinga. G77 er uroleg for at ei omlegging vil innebere ei nedprioritering av utviklingsspørsmåla. G77 ser nok òg større verdi i 2. komité som forum for mellomstatlege forhandlingar om desse emna. USA kravde til slutt votering over arbeidsprogrammet for neste års generalforsamling. Resultatet vart 146-3-1. USA, Israel og Marshalløyane røysta mot, og Nauru avstod. Noreg stod tilslutta EUs røysteforklaring, som mellom anna peikte på at den positive røystegjevinga ikkje må tolkast slik at ein er nøgd med arbeidsprogrammet, men heller som støtte til vidare arbeid med arbeidsmetodane til komiteen.

### 5.2 Finansiering for utvikling

---

Mellom debattane som tiltrekte seg særleg merksemd, var fleire paneldebatrar med eksterne innslag og ikkje minst høgnivådialogen om finansiering for utvikling. Utviklingsminister Hilde Frøyd Johnson deltok på vegne av Noreg på høgnivåmøtet og leidde eitt av dei åtte rundeborda. I sitt hovudinnlegg la ho vekt på auka offisiell utvik-

lingshjelp (ODA), gjeldslette og dei utvikla landa si etterleving av eigne plikter (tusenårsmål 8). Leiarane i Verdsbanken og IMF heldt i det høvet, og for første gong, formelle innlegg i plenum på generalforsamlinga. Dette vart av mange tolka som vidareføring av ein meir konstruktiv dialog mellom FN og Bretton Woods-institusjonane, som i stor grad medverka til det positive utfallet av Den internasjonale konferansen om finansiering for utvikling i Monterrey i Mexico i mars 2002.

Etterfølgjande resolusjonsforhandlingar representerte eit steg attende. Med unntak av å stadfeste at pliktene frå Monterrey står ved lag, vart det gjort få operative vedtak. Norske framlegg om rapportering eller rapporteringsrammer for tusenårsmål 8 eller tidfesta mål vann ikkje fram.

### 5.3 Korrupsjon

---

Debatten om korrupsjon viste sterk vilje til å nedkjempe korrupsjon og økonomisk kriminalitet på internasjonalt plan. Fleire utviklingsland framheva at FN og andre internasjonale aktørar bør gje råd og fagleg hjelp på landnivå. Frå norsk side vart det i debatten lagd vekt på verdien av å nedkjempe korrupsjon for å nå tusenårsmåla. Den nye FN-konvensjonen vart vedteken av Generalforsamlinga 31. oktober 2003. I 2. komité vart det deretter forhandla fram ein resolusjon om korrupsjon i ein utviklingskontekst. Forhandlingane vart i størst grad prega av usemje om kor retningsgjevande FN-konvensjonen skulle vere for terminologien i resolusjonen. Bruken av terminologi i resolusjonen vil verte teken opp til diskusjon att på komande generalforsamling.

### 5.4 Gjeldshandtering

---

Debatten om gjeldskrisa og utvikling var prega av utolmod frå utviklingslanda si side når det gjeld å få sletta utenlandsgjelda. Dei utvikla landa og dei internasjonale finansinstitusjonane vart oppmoda til å handle omgåande for å løyse gjeldsproblemet. Noreg var eitt av få industriland som heldt innlegg

under dette dagsordenspunktet. Frå norsk side vart det uttrykt støtte til uroa frå utviklingslanda for at det er få land som førebels har fullført hand-saminga si under det såkalla HIPC-initiativet (Heavily Indebted Poor Countries Initiative), men samtidig vart det lagt vekt på at ansvaret for dette ligg først og fremst hjå utviklingslanda. Frå norsk side vart det i debatten vidare understreka at gjeldslette åleine ikkje er nok for fattigdomsnedkjemping.

Mest gledeleg i forhandlingane om resolusjonen om gjeldskrisa og utvikling var den breie oppslutninga om eit norsk framlegg om å oppnemne ei rådgjevande gruppe for gjeldshandtering. FN's konferanse for handel og utvikling (UNCTAD), IMF og Verdsbanken er mellom dei organisasjonane ein inviterer til å delta i gruppa. Elles var forhandlingane om gjeld vanskelege. G77s oppleving av framgangen i HIPC-initiativet skil seg openbert vesentleg frå gjevarlanda sitt syn. Det er òg sprikjande oppfatningar av verdien av gjeldslette for fattigdomsreduksjon.

## 5.5 Råvarer, handel og utvikling

Forhandlingane om andre resolusjonar om finansielle spørsmål og handel dreidde seg mellom anna om tema som utviklingslanda sin manglande innverknad i Bretton Woods-institusjonane, UNCTADs rolle, internasjonal handel, finansielle strau-mar og overføringar. Frå G77s side vart det elles lagt vekt på at råvarespørsmål framleis skal stå høgt på FN's dagsorden. UNCTADs rolle vart òg eit sentralt diskusjonstema i både råvarediskusjonane og i debatten om handel, der G77 støttar ei meir sentral rolle for UNCTAD enn dei vestlege landa. Særleg vanskeleg var forhandlingane om handelsresolusjonen, der utviklingslanda ønskte å leggje føringar på forhandlingane i WTO (Verds-handelsorganisasjonen).

## 5.6 Miljø og berekraftig utvikling

På området miljø og berekraftig utvikling kom det ikkje fram mykje substansielt nytt, korkje i debatten eller i resolusjonane som vart vedtekne. Det var liten vilje til å ta opp nye store saker eller ta omkamp så kort tid etter toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg. Dette er òg ei følgje av at miljøspørsmåla er mellom dei som i stor grad vert handtert i andre forum, til dømes i statspartsmøte til dei ulike konvensjonane og i FN's miljøvernprogram (UNEP) og Kommisjonen for berekraftig utvikling, CSD. Eitt unntak var vedtaket, etter eit

japansk initiativ, om å arrangere ein konferanse om naturkatastrofar i Kobe i Japan i 2005.

Elles vart det gjort vedtak om eit FN-år om ørkenspreiing (2006) i ørkenspreiingsresolusjonen og gjeve støtte til ein global konferanse om fornybar energi i Bonn i juni 2004, «Renewables 2004». Det vart vidare gjort vedtak om eit nytt tiår for vatn frå 2005–2015 (Water for Life).

USA kravde votering på paragrafar i resolusjonane om klimaendringar og ørkenspreiingskonvensjonen då dei (som einaste land) ikkje kunne akseptere at statspartsmøte skal finansierast over det regulære FN-budsjettet. Dette var eit uventa brot på konsensustradisjonen i 2. komité.

Noreg støtta sterkt opp under arbeidet til FN's busetjingsprogram (UN-HABITAT) og framheva at nettopp busetjingsspørsmål skulle vere eitt av tre tema på CSD-sesjonen i april 2004. I ein eigen resolusjon vart det vedteke reviderte prosedyre-reglar for UN-HABITATs styre.

## 5.7 Sør-sør-samarbeid

Trass i vestleg skepsis til oppretting av merkedagar og tiår vart det i resolusjonen om sør-sør-samarbeid omsider semje om å stifte ein årleg merkedag 19. desember for «Økonomisk og fagleg samarbeid mellom utviklingsland» («sør-sør-samarbeid»). G77 gav til gjengjeld avkall på ønsket om å innføre eit FN-tiår om same tema.

## 5.8 Mikrokreditt

I forhandlingane om mikrokreditt vart det semje om at FN-året i 2005 skal kallast «Det internasjonale mikrokredittåret» trass i at ein frå norsk og like-sinna lands side ville nytte den vidare nemninga «mikrofinans». Vestlege land fekk likevel tilslutning til fleire tilvisingar til mikrofinans gjennom heile teksten slik at dette òg vert eit viktig element i feiringa av året.

## 5.9 Migrasjon og utvikling

Migrasjon er eit tema som framleis har til gode å verte omfattande handsama i FN's generalforsamling. Temaet seglar likevel no opp som meir og meir sentralt. Det skal arrangerast eit høgnivå-møte om migrasjon i 2006, etter at Den globale migrasjonskommisjonen har levert rapporten sin til Generalsekretæren.

## 6 Menneskerettsspørsmål og sosiale spørsmål (3. komité)

### 6.1 Allmenne kommentarar

Arbeidet i 3. komité på denne generalforsamlinga må karakteriserast som utfordrande og til tider vanskeleg. Som i FNs menneskerettskommisjon kom det tydeleg fram at ei rekkje land ikkje ønskjer fokus på menneskerettane internasjonalt og søker å svekkje både det normative grunnlaget og dei vernemekanismane som mødesamt er bygde opp over tiår.

Store delar av sesjonen var elles prega av meiningsskilnader langs aksar ein kjende att frå tidlegare år, både den vestleg-islamske dimensjonen og nord-sør-dimensjonen var framstående i ulike forhandlingssituasjonar. Samanlikna med tidlegare år stod særleg gruppa av muslimske statar (OIC) fram som velorganisert og samordna. Videre gjorde til dels store meiningsskilnader seg på nytt gjeldande også internt i vestgruppa. Trass i ein del positive resultat synest det som om meir polarisering og politisering – som i tidlegare år i første rekkje har vore framstående på det årlege møtet i Menneskerettskommisjonen i Genève – no har fått betre fotfeste i 3. komité òg. Å fremje tillitsskapande tiltak og finne samarbeidsmetodar og uformelle forum for konstruktiv dialog som kan byggje bruer på tvers av regionale grupper, vil vere ei av dei store utfordringane for menneskerettsarbeidet framover.

Forholdet mellom menneskerettar og terrorisme har vorte eit viktig tema i arbeidet i 3. komité. Det er viktig å sikre at kampen mot terrorisme vert ført utan urettmessig tilsidesetjing av menneskerettane. Mexico var hovudsponsor for ein resolusjon som fokuserer på vernet av menneskerettane og kampen mot terrorisme. Noreg har vore ein av pådrivarane i dette arbeidet og var òg medforslagsstillar til den meksikanske resolusjonen.

Ulike konfliktsituasjonar dannar ofte eit bakteppe for diskusjonane i 3. komité, og tematiske resolusjonar kan difor lett verte politiserte. Eit døme på dette var Egypt's framlegging av ein resolusjon om situasjonen til dei palestinske borna. Noreg hadde, saman med fleirtalet av vestlege land, motførestellingar mot dette. Vi ønskte ikkje å setje fokus på rettane til born i særskilde geografiske

område framfor rettane til andre born, og ønskte at Generalforsamlinga skulle handsame spørsmål om borna sine rettar på generisk vis. Noreg avstod difor under voteringa over resolusjonen, som likevel vart vedteken med eit klart fleirtal.

Meiningsskilnadene internt i gruppa av vestlege land var på mange måtar mindre merkbar enn på generalforsamlinga i fjor. Mellom anna vart spørsmål knytte til Den internasjonale straffedomstolen i langt mindre grad føremål for open strid. Frå vestleg side søkte ein medvite å unngå å setje kontroversielle spørsmål på dagsordenen unødig. I ei rekkje spørsmål herskar det likevel framleis usemje. USA var også på årets generalforsamling det einaste landet som røysta mot heile omnibusresolusjonen om born. Også i andre samanhengar, til dømes når det gjaldt den nordiske resolusjonen om «status for konvensjonane», kom USA med endringsframlegg som vart tekne til røysting, og tapte, før landet kunne slutte seg til konsensus. Når det gjaldt handsaminga av sosiale og økonomiske rettar, kom desse skiljelinene tydeleg fram. På initiativ frå Brasil handsama Generalforsamlinga for første gong resolusjonar om retten til helse og tilgang til medisinar, som tidlegare berre har vore tema i Menneskerettskommisjonen. Mange land, og mellom dei Noreg, ser det som ei uheldig utvikling at så mange resolusjonar som vert handsama i Menneskerettskommisjonen, vert overført til handsaming i Generalforsamlinga. Dette medverkar til overlapping og duplisering som ikkje er naudsynt eller i tråd med behovet for effektivisering av arbeidet i FN.

Innanfor det multilaterale menneskerettsarbeidet har ein i dag mist ein del av momentumet frå første halvdel av 1990-åra. I staden for å vere ein pådrivar for å vidareutvikle den normative ramma og samtidig styrkje implementeringa ser Noreg og andre likesinna land seg i stadig større grad nøydde til å fokusere på å forsvare det vi har sett på som alt oppnådd. Mykje tid og ressursar går med til å arbeide for å unngå svekkingar av tekstar og språk som ein tidlegare var samde om.

Noreg la på årets generalforsamling fram to resolusjonar om høvesvis internflyktingar og menneskerettsforsvararar.

Resolusjonen om internflyktningar fokuserer på situasjonen til menneske på flukt innanfor eigne landegrensar. Denne stadig veksande menneskegruppa fell utanfor definisjonen av flyktningar i FNs flyktningkonvensjon og lever ofte under svært vanskelege forhold. Resolusjonen framhevar behovet som internflyktningane har for vern og humanitær hjelp, og peiker på at både statane og FN-systemet må gjere meir for denne menneskegruppa.

Resolusjonen om menneskerettsforsvararar fokuserer på behovet for vern av enkeltindivid og grupper som fremjar menneskerettane. Desse lever i mange land under særns vanskelege forhold og opplever også å verte forfølgde for innsatsen sin.

Frå norsk side var det under begge desse forhandlingane ei viktig målsetjing å konsolidere det ein har oppnådd dei seinare åra. Samtidig la ein stor vekt på å få resolusjonane vedtekne med konsensus og søkte å få breiare støtte for dei. Dette lukkast ein med, samtidig som resolusjonane vart styrkte på enkelte viktige punkt.

## 6.2 Menneskerettssituasjonen i enkeltland

---

Noreg heldt eit innlegg i 3. komité der ein i tillegg til å omtale fleire tematiske problemstillingar òg tok opp menneskerettssituasjonen i fleire spesifikke land. Tilsvarende type innlegg vart òg haldne av mellom andre Canada, New Zealand, EU og USA. Mange land peiker på at slik kritikk av enkeltland kan verke mot føremålet sitt. Desse innvendingane rammar òg bruken av resolusjonar som berre fokuserer på menneskerettssituasjonen i spesifikke statar. På generalforsamlinga vert det likevel handsama relativt få resolusjonar som omtalar situasjonen i enkeltland, og i år vart situasjonen i Turkmenistan, Den demokratiske republikken Kongo, Burma og Iran føremål for eigne resolusjonar. Det var særleg knytt mykje spenning til om resolusjonen om Iran, som vart lagt fram av Canada, ville verte vedteken, og ein var lenge usikker på utfallet. Men resolusjonen vart vedteken med solid fleirtal. Noreg var medforslagsstillar til alle landresolusjonane, som alle vart vedtekne.

## 6.3 Kvinner

---

Emnet styrking av kvinnene sine rettar stod heilt sentralt i 3. komité. Dei ulike statane sine innlegg fokuserte i stor grad på problematikken vald mot

kvinner. Vidare var det ei rekkje statar som fokuserte på tryggingrådsresolusjon 1325 (2000) om kvinner og fred og tryggleik. Begge emna stod òg sentralt i Noregs innlegg. Noregs initiativ til ein internasjonal handlingsplan for nedkjemping av kjønnslemlesting vart òg framheva, samtidig som den nye konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet og konvensjonens verdi i kampen mot handel med kvinner vart vektlagt. Frå norsk side gav ein støtte til det nye resolusjonsinitiativet frå Nederland om avskaffing av alle former for vald mot kvinner. Resolusjonen vart imidlertid av fleire land oppfatta som selektiv og stigmatiserende. Då heller ikkje ekstraordinært lange og vanskelege forhandlingar førte fram til konsensus, valde Nederland å kutte drastisk ned på omfanget av resolusjonen, og det vart av taktiske årsaker vedteke å dele resolusjonen i to: 1) vald mot kvinner i heimen og 2) ein djuptgående studie av alle former for vald mot kvinner. Begge resolusjonane, som eit av elles relativt få lyspunkt under årets sesjon, vart vedtekne med konsensus. Noreg var under heile forhandlingsprosessen i kjernegruppa av Nederlands støttespelarar. Det er å vone at særleg resolusjonen om ein djuptgående studie av alle former for vald mot kvinner vil bane vegen for å ta opp fleire former for vald mot kvinner i framtida.

USA tok initiativ til ein resolusjon om kvinner og politisk deltaking. Noreg deltok aktivt under forhandlingane av resolusjonen, som vart vedteken med konsensus.

## 6.4 Urfolksspørsmål

---

Årets debatt om urfolk konsentrerte seg i særleg grad om to emne. For det første vart det frå fleire lands side lagt stor vekt på at erklæringa om urfolksrettar må forhandlast ferdig snarast råd. Dette vart mellom anna framheva av dei nordiske landa. Av særskilde framsteg som var gjorde i tiåret for urfolk (1995–2004), vart det under debatten sett mykje fokus på opprettinga av det permanente forumet for urfolksspørsmål. I det nordiske innlegget vart formannen for forumet – Ole Henrik Magga – sin innsats og si gode leiing av forumet særskilt framheva. Meir framoverskodande gav dei nordiske landa uttrykk for at dei venta seg mykje av den komande sesjonen til forumet og det særlege fokuset som forumet har sett på situasjonen til urfolkskvinnene. Finland la dessutan fram, også på dei nordiske landa sine vegner, resolusjonen om det internasjonale urfolkstiåret.

## 6.5 Born

---

Debatten om borna sine rettar spente relativt vidt i år. Av hovudtema som vart sett på dagsordenen, var born og væpna konflikt, tilleggsprotokollane til barnekonvensjonen, smugling av og handel med born, aidsproblemet og utdanninga for jenter. Elles vart debatten noko politisert på grunn av Egypts særlege fokus på situasjonen til palestinske born. Noregs innlegg gav mellom anna støtte til utvidinga av Komiteen for barnekonvensjonen, der mellom andre professor Lucy Smith er medlem. Vidare fokuserte ein frå norsk side på at det er viktig at born får tilgang til IKT og e-læring.

Omnibusresolusjonen om borna sine rettar inneheld i år eit nytt element. Statane vart oppmoda til å avskaffe kroppsstraff for born i skular og oppbevaringsanstaltar. Singapore kravde votering over desse nye elementa. Likevel vart resolusjonen, inklusive det nye fokuset på kroppsstraff for born, også i år vedteke med eit overveldande fleirtal av medlemslanda i FN.

## 6.6 UNHCR

---

I handsaminga av spørsmål knytte til UNHCR la Noreg – til liks med ei rekkje andre land – vekt på reformrapporten frå Høgkommissæren for flykt-

ningar. Rapporten understreka behovet for ei forsterking av Høgkommissærens kontor i ei tid med stadig større utfordringar på området flyktningar og internt fordrivne. Med omsyn til finansieringa av Høgkommissærens kontor synleggjorde debatten ei skiljeline mellom dei landa som støttar at større delar av UNHCRs verksemd vert dekt over det regulære FN-budsjettet (mellom andre Noreg), og dei som avgrensar seg til å mane Høgkommissæren til meir effektiv bruk av nesten berre frivillige midlar. Høgkommissæren vart frå norsk side også støtta i si aktive rolle for å fremje samarbeid mellom FN-systemet og ulike ikkje-statlege organisasjonar. Eit anna framståande tema under debatten var tryggleik for FN-personell og humanitært personell. Vidare tok særleg utviklingslanda opp behovet for å førebyggje konflikt og at det er naudsynt å motverke dei meir underliggjande årsakene til flyktningstraumane i dag. Det var Danmark som i år la fram både omnibusresolusjonen om UNHCR og resolusjonen om styrking av Høgkommissærens kontor («UNHCR 2004»). Frå dansk side vart det nedlagt eit solid arbeid, som førte til at begge resolusjonane vart vedtekne utan votering og med mange medforslagsstillarar.

## 7 4. Komité

### 7.1 Vest-Sahara

---

Som i tidlegare år vart resolusjonen om Vest-Sahara vedteken utan røysting, trass i fundamental usemje mellom Marokko og Algerie/Polisario om substansen i spørsmålet. Tryggingsrådet vedtok i juli 2003 ein resolusjon som ønskjer velkomen fredsplanen for sjølvstyre, som vart lagt fram for partane i januar same året av Generalsekretærens spesialutsending for Vest-Afrika, James Baker. Marokko har førebels avvist denne planen fordi han inneber at det må haldast ei folkerøysting om sjølvstyre for innbyggjarane av Vest-Sahara. Algerie la fram eit resolusjonsutkast i 4. komité med ei tilvising til tryggingsrådsresolusjonen og fredsplanen, som Marokko ikkje kunne godta fordi han etter oppfatninga deira var for positiv. Etter lengre forhandlingar kom ein likevel fram til eit kompromiss, slik at semja vart oppretthalden.

### 7.2 Midtausten

---

Debatten om Midtausten i 4. komité speglar den fastlåste situasjonen i regionen og er føreseieleg. Det er små variasjonar i røystemønsteret frå år til år. Dette gjeld både spørsmålet om menneskerettar i okkuperte område og fredsprosessen i Midtausten allment.

Den viktigaste debatten i 4. komité kom etter at USA uttrykte ønske om å kunne røyste for minst ein av resolusjonane om humanitær hjelp til det palestinske området. Som største bidragsytar til UNRWA meinte USA at det var rimeleg at minst ein tekst var akseptabel for dei. USA gjorde difor framlegg om ein samleresolusjon som erstatta fire andre. Palestinarane innsåg fordelene med å redusere talet på resolusjonar frå sju og godtok prinsippet, men gjorde framlegg om så mange endringar at teksten vart uakseptabel for amerikanarane.

Noreg støtta tidleg USAs haldning, men først etter at EU-landa etter lang tid vart samde om ein felles posisjon, gjekk palestinarane med på å la ein allmenn tekst om humanitær hjelp passere. Alle

dei tunge gjevarane gav då samla uttrykk for at USA måtte få høve til å delta i ein resolusjon.

### 7.3 Fredstryggjande operasjonar

---

I innleiinga av debatten blei det mellom anna fokusert på tiltak for å betre tryggleiken til uvæpna sivilt personell, sterkare fokus på afrikansk deltaking og kapasitet før utplassering av styrkar samt behov for eit tettare samarbeid med andre regionale organisasjonar (EU, NATO, ECOWAS m.v.).

Noreg gav i sitt innlegg full støtte til FN-sekretariatet sitt arbeid for å effektivisere organisasjonen sine fredstryggjande operasjonar. I tillegg vart det teke til orde for eit styrkt samarbeid mellom Tryggingsrådet, sekretariatet og troppebidragsytande land. SHIRBRIG vart nemnd som ein viktig faktor for å kunne gjennomføre raskare utplassering av styrkar, og det vart gjort framlegg om å utvikle SHIRBRIG-konseptet i andre regionar. SHIRBRIGs medverknad ved oppstarten av FN-operasjonen i Liberia synest å ha styrkt organisasjonen sitt omdømme blant troppebidragsytande utviklingsland. Det vart vidare argumentert for ein gjennomgang av kommando- og kontrollkonseptet på operativt nivå for å sikre ein einsarta kommandostruktur over militære styrkar, og framleis fokus på behovet for tilstrekkeleg satsing på demobilisering, avvæpning og reintegrering i FNs operasjonar.

Fleire nasjonar tok til orde for at deltaking i operasjonar med FN-mandat burde vurderast på lik line med deltaking i FN-leidde operasjonar. Etter den kalde krigen har den organisatoriske ramma for leiing av fredsoperasjonar endra karakter. Andre aktørar enn FN, både regionale organisasjonar og ulike ad hoc-koalisjonar, deltek meir og meir. Dette er ein styrke for regional og global tryggleik. I debatten elles var behovet for meir robuste operasjonar med tilgang til betre etterretningar ein attergangar på lik line med behovet for naudsynet av å stille større krav til førebuingar og materiell. Enkelte nasjonar ønskte ei raskare refusjonsordning.

## 8 Administrative og budsjettære spørsmål (5. komité)

Hovudsaka i 5. komité var det regulære FN-budsjettet for 2004–2005. Generalforsamlinga vedtok òg budsjett for FN-straffedomstolane og finansieringa av FN's fredstryggjande operasjonar i Den demokratiske republikken Kongo, Aust-Timor, Liberia og Elfenbeinskysten. Fleire spørsmål vart utsette til vidareførte sesjonar i komiteen våren 2003.

Noreg deltok aktivt i forhandlingane og spela ei viktig rolle når det gjaldt å sikre ressursar til politisk prioriterte område som urfolk, menneskerettar og humanitær verksemd.

### 8.1 Det regulære FN-budsjettet for 2004–2005

For andre gong vart det presentert eit framlegg til eit toårsbudsjett som var utarbeidd på grunnlag av eit resultatbasert format. Dette inneber auka fokus på resultat og måling av effektiviteten av aktivitetane til FN.

I presentasjonen sin heldt Generalsekretæren fram at budsjettframlegget var utarbeidd i tråd med organisasjonen sine prioriteringar og ville, dersom det vart vedteke, medverke til å føre reformprosessen vidare. Framlegget innebar ein moderat auke på 0,5 % i forhold til budsjettet for 2002–2003.

Forhandlingane var vanskelege. Særleg Japan, USA, Canada, Australia og EU-landa hadde ei svært restriktiv haldning til budsjettauke. Det har vore konstante krav frå desse landa om reformer, effektivisering, betre samordning og sparing ved innføring av ny teknologi. Frå norsk side støttar ein krav om effektivisering, men ein har samtidig peikt på at FN må sikrast nok ressursar til å gjennomføre dei mandata som medlemsstatane har pålagt organisasjonen. Det vart understreka frå norsk side at kjerneaktivitetar, særleg på områda menneskerettar og humanitær verksemd, i større grad bør dekkjast over det regulære FN-budsjettet.

Generalforsamlinga vedtok eit toårig budsjett for 2004–2005 på om lag USD 3,16 mrd. Dette innebar eit kutt på om lag USD 51 mill. i høve til Generalsekretærens budsjettframlegg.

For Noreg var det viktig at ein i budsjettforhandlingane fekk gjennomslag for to nye stillingar til sekretariatet for Det faste forumet for urfolk, seks nye stillingar til kontoret for FN's høgkommisær for menneskerettar, tre nye stillingar til Kontoret for samordning av humanitær verksemd og ei tilleggsøyving til FN's høgkommisær for flyktningar. Innsatsområde knytte til utvikling og sosiale spørsmål vart òg prioriterte, mellom anna handel og utvikling og oppfølging av Monterreykonferansen om finansiering for utvikling. Det vart òg løyvd tilleggsmidlar til mellom anna styrking av FN's antiterrorismekomité, FN's arbeid med nedrusting, Kontoret til spesialsamordnaren for Midtausten og FN's kontor i Nairobi.

Det lukkast for vestlanda å få gjennomslag for at Generalsekretæren i større mon, og som ei prøveordning, skal kunne omdisponere personell når situasjonen krev det. Ein fekk òg gjennomslag for ein noko meir rasjonell budsjettprosess og handsaming av budsjettet i dei ulike komiteane.

### 8.2 FN's finansielle situasjon

Sjølv om FN's finansielle situasjon ikkje er like prekær som tidlegare, har organisasjonen framleis sesongprega likviditetsproblem på grunn av manglande og for sein innbetaling av medlemslanda sine kontingentar. Dette medfører at FN av og til må låne frå budsjettet til fredstryggjande operasjonar for å kunne dekkje skyldnadene sine. Dette er svært uheldig.

Medlemslanda hadde ved årsskiftet 2003–2004 ei gjeld til FN på om lag USD 1,6 mrd. Av dette var om lag USD 442 mill. til det regulære FN-budsjettet, USD 1,066 mrd. til FN's fredstryggjande operasjonar, USD 88 mill. til krigsforbrytardomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda og USD 7 mill. til prosjektet for oppgradering av FN's bygningsmasse. USA skulda ved utgangen av 2003 om lag USD 268 mill. til det regulære FN-budsjettet, USD 482 mill. til FN's fredstryggjande operasjonar og USD 12 mill. til krigsforbrytardomstolane.



### 8.3 Finansiering av FN's straffedomstolar

---

Generalforsamlinga vedtok i desember 2003 to-årige budsjett for krigsforbrytardomstolane for det tidlegare Jugoslavia og Rwanda på høvesvis USD 298,23 mill og USD 235,32 mill. Ei dobling av utgiftene til drift av domstolane over dei siste åra har ført til at Generalforsamlinga har sett fram krav om meir effektiv drift og framdriftsplan med sluttdato for virket til domstolane. Desse føreligg no. For begge domstolane skal vidare investeringar etter planen stanse i 2004, og det vert teke sikte på at domsavgjerdingsfasen vert avslutta i 2007–2008.

På den 58. generalforsamlinga fremja ei rekkje medlemsland krav om kutt i budsjettframlegga frå Generalsekretæren. Det vart peikt på frå norsk side at kutt i budsjetta kunne setje domstolanes sluttstrategiar i fare. Resultatet av forhandlingane vart eit reelt kutt i Generalsekretærens framlegg til budsjett for krigsforbrytardomstolen for det tidlegare Jugoslavia på USD 2,7 mill og for Rwanda på USD 200 000. Generalforsamlinga valde å utsetje handsaminga av budsjettet for 2005 for etterforskningsverksemda ved begge domstolane.

### 8.4 Skalaen for utlikning av FN's utgifter

---

Det følgjer av FN-pakta at medlemslanda skal dekkje organisasjonens utgifter, og av FN's prosedyrereglar at desse skal dekkjast i høve til landa si evne til å betale. Generalforsamlinga vedtok i 2000 ein metode for korleis FN's utgifter skal utliknast. Sjølv om denne metoden skal gjelde fram til 2006, vart forhandlingane om utlikning av utgiftene vanskelege. Fleire utviklingsland, som etter gjeldande metode ville få svært stor prosentauke i bidraga sine, protesterte. Japan heldt òg fram at dei fann det japanske bidraget (19,468 % av det regulære budsjettet) urimeleg høgt. Saka løyste seg ved at Russland sa seg villig til å yte meir enn dei skulle etter den fastlagde skalaen, og ved at enkelte land i vestgruppa avstod frå å dra nytte av dette til fordel for enkelte utviklingsland. Noregs bidrag til det regulære FN-budsjettet er 0,679 %.

Det vart noko enklare å få til semje om utlikninga av utgiftene for FN's fredstryggjande operasjonar. Noregs tilskot er her 0,685 %.

Krigsforbrytardomstolane vert finansiert med 50 % etter bidragsskalaen for det regulære FN-budsjettet og med 50 % etter bidragsskalaen for budsjetta for FN's fredstryggjande operasjonar.

## 9 Juridiske spørsmål (6. komité)

Forhandlingane og debatten i 6. komité gjekk i hovudsak føre seg i ein god og konstruktiv atmosfære. 6. komité vedtek normalt resolusjonane sine utan røysting og utan dei store kontroversane. Debatten om kloning var i år som i fjor svært vanskeleg og førte til ytterlegare polarisering av dette omstridde spørsmålet.

Det vart halde fellesnordiske innlegg om FNs kommisjon for internasjonal handelsrett (Sverige), om Folkerettskommisjonens arbeid generelt (Finland), om internasjonalt ansvar for skadelege følger av handlingar som ikkje er i strid med folkeretten (Noreg), om internasjonale organisasjonar sitt ansvar (Finland), om reservasjonar til traktatar (Sverige) og om delte naturressursar (Noreg). Noreg heldt eigne nasjonale innlegg om Konvensjonen om juridisk immunitet for statar og eigedomen deira, om Den internasjonale straffedomstolen, om tiltak for å avskaffe internasjonal terrorisme og om bruksområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell. Vidare stod Noreg tilslutta EUs innlegg om Spesialkomiteen for FN-pakta og for styrking av organisasjonen si rolle og om Komiteen for samband med vertyslendet.

### 9.1 Kloning

Costa Rica og USA arbeidde hardt for å få tilslutning til eit resolusjonsutkast som ville ha gjeve mandat til å starte forhandlingar om ein konvensjon med totalforbod mot kloning av menneske (reproduktiv og terapeutisk kloning). Det kostarikanske resolusjonsframlegget samla etter kvart mange medforslagsstillarar, mellom dei Noreg. Det vart difor etter kvart klart for Belgia, som hadde lagt fram eit konkurrerande resolusjonsframlegg, som opna for unntak når det gjeld terapeutisk kloning, at dei truleg ville kome til å tape ei røysting på substans. Belgia vurderte difor lenge å leggje fram eit såkalla ikkjehandsamingsframlegg for å unngå røysting på det kostarikanske framlegget. Den islamske konferansen (OIC) fremja til slutt framlegg om utsetjing av all vidare handsaming av spørsmålet i to år. Dette framlegget vart vedteke. I

plenum utfordra landa i «den kostarikanske gruppa» vedtaket frå 6. komité, og det vart inngått eit kompromiss som medfører at spørsmålet kjem opp til ny handsaming på neste generalforsamling. I fråveret av semje om korleis menneskeleg kloning skal regulerast på det internasjonale planet, held forskinga og den teknologiske utviklinga fram. Dei landa som ønskjer eit vidtrekkande forbod mot kloning av menneske, og som har vedteke streng nasjonal lovgjeving på dette området, synest å ha mest å tape på manglande semje og ytterlegare utsetjing. Alle krefter må difor setjast inn på at 6. komité på neste generalforsamling kan gjere eit vedtak som gjev mandat til å starte forhandlingar – med så brei deltaking og oppslutning som mogleg – om ein konvensjon med forbod mot kloning av menneske.

### 9.2 Internasjonal terrorisme

Hovudarbeidet når det gjeld iverksetjing av tiltak for å nedkjempe internasjonal terrorisme vert gjort i Tryggingrådet, først og fremst representert ved arbeidet til Antiterrorismekomiteen (Counter-Terrorism Committee, CTC). I tillegg har Generalforsamlinga i 6. komité vidareført freistnadene sine på mellom anna å få utarbeidd ein allmenn terrorismekonvensjon. Det er eit faktum at dette arbeidet står i fare for å mislukkast på bakgrunn av usemje om spørsmålet om ein definisjon av omgrepet «terrorisme». Det var dessverre ingen framgong å spore på den 58. generalforsamlinga når det gjeld dette spørsmålet, og utsiktene til eit gjennombrøt i forhandlingane er svært små. I resolusjonen vart det vedteke å vidareføre ad hoc-komiteens mandat og fastsett at komiteen skal møtast i ei veke sommaren 2004, slik at han kan halde fram med arbeidet sitt med ein allmenn terrorismekonvensjon og med arbeidet sitt med ein internasjonal konvensjon om kjernefysisk terrorisme. Noregs gjennomføring av ein terrorismekonferanse parallelt med opninga av generalforsamlinga gav eit godt grunnlag for dei vidare drøftingane om terrorisme på generalforsamlinga.

### 9.3 Den internasjonale straffedomstolen – ICC

---

Under handsaminga i 6. komité av Den internasjonale straffedomstolen (ICC) vart det vedteke ein resolusjon som mellom anna oppmodar til snarleg ratifikasjon av Roma-vedtektene og til å verte part i Avtala om privilegium og immunitet for domstolen. Resolusjonen helsar velkome valet av dommarar og hovudanklagar, samt opprettinga av eit fast sekretariat for domstolen. FN's generalsekretær vert oppmoda til å leggje forholda til rette for inngåing av ei avtale om forholdet mellom domstolen og FN.

Noreg heldt eit eige innlegg der ein la vekt på verdien av at domstolen no er fullt operativ, og at anklagaren alt har utpeikt situasjonen i Ituri i Den demokratiske republikken Kongo som den første som fortener nærare oppfølging. Noreg oppmoda statar til raskt å verte part i Avtala om privilegium og immunitet for domstolen, å vedta nasjonal gjennomføringslovgjeving og å betale dei pliktige bidraga sine i tide. Frå norsk side vil ein framleis medverke aktivt til å verne om integriteten til domstolen. Samtidig vil vi arbeide for å integrere domstolen i systemet for vern av internasjonal fred og tryggleik. Vi vil halde fram med dialogen vår med dei statane som har innvendingar mot domstolen, med sikte på å skape så brei oppslutning som mogleg om domstolen og målsetjingane for domstolen.

### 9.4 Bruksområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell

---

Bruksområdet for FN-konvensjonen om vern av FN-personell og assosiert personell har av fleire statar og frivillige organisasjonar vorte oppfatta som for snevert. FN's generalsekretær har i ein rapport av 21. november 2000 kome med tilrådingar om både meir effektiv gjennomføring av føresegnene i konvensjonen og om utviding av bruksområdet ved å ta med alle typar FN-operasjonar og alle typar hjelpepersonell. I eit møte i ein ad hoc-komité i mars 2003 la New Zealand fram eit utkast til ein frivillig tilleggsprotokoll, som har til føremål å sikre at konvensjonen automatisk gjeld for alle FN-operasjonar. Sjølv om framlegget til ein tilleggsprotokoll er kontroversielt, var det framgang å spore i drøftingane på den 58. generalforsamlinga. Ingen statar uttrykte lenger ein eksplisitt motstand mot utarbeiding av ein *frivillig* tilleggsprotokoll. Adhockomiteen møttest att i april 2004

og no med eit klart mandat til mellom anna å utarbeide eit rettsleg instrument med sikte på utviding av bruksområdet for konvensjonen. Hovudspørsmålet vert definisjonen av kva FN-operasjonar som skal omfattast. New Zealands framlegg om at alle FN-operasjonar må omfattast, vert av mange statar sett på som å gå for langt. Fleire statar meiner ein bør avgrense seg til operasjonar der det eksisterer ein faktisk risiko. Frå norsk side har ein heile vegen aktivt støtta utarbeiding av ein tilleggsprotokoll, med mellom anna den grunngevinga at det på sikt berre er ei utviding av bruksområdet for konvensjonen som fullt ut kan avhjelpe dei manglane som eksisterer under det noverande regelverket.

### 9.5 Andre spørsmål

---

Folkerettskommisjonen la i 1991 fram eit utkast til konvensjon om juridisk immunitet for statar og egedomen deira, som inneheld reglar om i kva grad ein stat er unnateke frå eit vertslands domsmakt og tvangsmakt. Det har likevel vore monaleg usemje mellom medlemslanda i FN når det gjeld innhaldet i immunitetsreglane og kva slags type instrument desse eventuelt skulle nedfellast i. I februar 2003 kom ein ad hoc-komité til semje om eit utkast til artikkel om statsimmunitet. Men komiteen gav inga tilråding med omsyn til kva form artikkane skulle vedtakast i. Noreg gav klart uttrykk for eit ønske om at det vert vedteke ein konvensjon så snart som mogleg, basert på semja som er oppnådd i ad hoc-komiteen. I resolusjonen vert det fastsett at ad hoc-komiteen skal møtast ei veke i mars 2004 for å utarbeide ei fortale og slutføresegner for ferdiggjering av utkast til ein konvensjon, i tråd med norske posisjonar.

Folkerettskommisjonen avslutta ingen tema i år. Handsaminga av rapporten frå folkerettskommisjonen bestod i vesentleg grad av kommentarar til kommisjonen sitt arbeid. Noreg kommenterte i fellesnordiske innlegg dei to emna delte naturressursar og internasjonalt ansvar for skadelege følger av handlingar som ikkje er i strid med folkeretten. Innlegget om delte naturressursar fokuserer på verdien av vassressursane for fred, tryggleik, helse og miljø, og tok til orde for folkerettsleg regulering av grunnvassressursar. Slik regulering er viktig for å førebyggje konflikt når fleire statar utnyttar dei same førekomstane av grunnvatn. Det er eit viktig poeng at utnytting av grunnvassressursar må sjåast i samanheng med regulering av andre vassressursar og følgjeleg må regulerast noko ulikt frå utnytting av andre naturressursar, til dømes olje og gass. Innlegget om internasjonalt

Om Noregs deltaking i den 58. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)  
og vidareførte sesjonar av FNs 57. generalforsamling

ansvar poengterte at vi treng folkerettsleg regulering av statars objektive skadebotansvar når lovlege handlingar i ein stat medfører skade i ein annan stat, slik at uskuldige offer kan haldast skadelause. Dette vil typisk kunne vere relevant når lovleg verksemd i eit land skader miljøet i eit anna land. Det vart òg lagt vekt på at føre-var-prinsippet veks fram som folkerettsleg sedvane.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 23. april 2004 om Noregs deltaking i den 58. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av FNs 57. generalforsamling blir send Stortinget.

---

**Vedlegg1****Utanriksminister Petersens innlegg i hovuddebatten**

30. september 2003

President, Excellencies, ladies and gentlemen,

The brutal attacks on the UN mission in Baghdad are beyond comprehension. I condemn them in the strongest possible terms.

The perpetrators of such crimes must be brought to justice. We must renew our efforts to bolster respect for humanitarian principles. It is unacceptable that UN personnel are unable to conduct humanitarian relief operations without risking their lives. It is unacceptable that UN personnel are denied access to people in distress.

On behalf of the people of Norway, I wish to express my respect and admiration to all UN workers who are doing what they can to help in Iraq and other zones of conflict and danger.

Mr. President,

Unless the security needs in Iraq are met, valuable time on the road to political stability, democracy, and economic and social development will be lost. Without a safe and secure environment, the United Nations is unable to help Iraq along that road. I deplore the political assassinations of religious and political leaders in Iraq.

Now we must focus our attention on what is needed to rebuild Iraq. Norway is participating in the international effort to stabilise and rebuild Iraq for the benefit of the Iraqi people.

Our aim is to help the people of Iraq regain control of their own destiny. To help them build a future of freedom and justice – and a life in peace with their neighbours.

The United Nations should play a key role in setting the benchmarks and guiding the political process towards the early restoration of Iraq's sovereignty and the transfer of power to an Iraqi government.

But a carefully considered timeframe must be drawn up. We must also make sure that the tasks that we decide for the United Nations in Iraq are realistic and achievable.

Mr. President,

Terrorism is a dark force, which targets the very values and norms upon which the United Na-

tions Charter is based. An overwhelming majority of Member States have joined forces to fight it – and we have taken some important steps together.

We need to strengthen the role of the United Nations in multilateral disarmament, arms control and non-proliferation. We need to agree on strong and effective regimes that can provide reliable protection against weapons of mass destruction.

A week ago world leaders and the Secretary-General sat down in New York at the invitation of Norway to discuss ways to fight terrorism and the roots of evil. They voiced their dedication to the fight against terrorism, and their determination to place humanity at the centre of that fight.

Mr. President,

We want a United Nations that reaches out and responds to the concerns of all Member States.

And it must reach out and respond to the concerns of all individuals – to the needs of men and women alike. We need a world of equal opportunities, where all the world's human resources – and not only half of them – are put fully to use.

We have a vision of a humane world where people can live in security and dignity, free from poverty and despair. To live up to the ideals enshrined in the Charter, the United Nations must continue to give priority to human rights and fundamental aspects of governance.

A culture of impunity for mass atrocities is incompatible with human dignity and undermines long-term security. The establishment of the International Criminal Court is a historic turning point.

Mr. President,

Fighting terrorism, strengthening human security, working for development and preventing conflict are challenges that are closely related.

In the Millennium Development Goals we have pledged to halve the proportion of people living in extreme poverty and to reduce child mortality by two-thirds. We have pledged to halve the proportion of people without access to safe drinking water and basic sanitation.

Norway currently holds the chairmanship of

the Commission on Sustainable Development. And we are committed to achieving real progress. It is crucial that developing and developed countries and the private sector all contribute.

Development must be built on a global partnership and on shared responsibilities. Norway remains committed to the Doha development agenda. We are confident that strengthening and making full use of this multilateral framework is the way to go. We will work hard to get the negotiations back on track.

Mr. President,

More often than not, the United Nations only becomes engaged in earnest after armed conflict has broken out. The reasons are many, but they are no excuse for the loss of lives, the human misery and the setbacks in development that are too often the high price of collective inaction.

Too often the main legacy of a civil war is another civil war. Yet there are many things we can do to prevent this from happening.

We can act to prevent economic conflict drivers such as diamonds and other natural resources from fuelling and prolonging conflicts. And we can act to curb the illegal trade in small arms.

By fighting poverty and promoting peace and development, we are making the soundest investment possible in Africa. We will assist the African Union and NEPAD in their endeavours towards economic and social development and political stability in Africa.

Norway will continue working for peace and stability in the Horn of Africa. The peace process between Ethiopia and Eritrea is entering a crucial phase. We urge both parties to stand by their commitments and not hesitate now that they stand at the threshold of lasting peace. In Sudan, important progress has just been made. We urge the parties to step up their efforts and reach a final settlement.

Mr. President,

Over the last few years, the United Nations has made considerable progress in peacekeeping. The foundations for a new approach have been laid. Notable results have been achieved in Kosovo, Sierra Leone and East Timor, as well as in reinforcing the capabilities of DPKO and strengthening the UN Standby Arrangement System.

